

ÅRDAL E-SPORT UNGDOM SKULE OG UTDANNING

Gamerane stifta klubb då Vestland bestemde seg for å satsa på e-sport: – Me har sett oss nokre hårete mål for 2020



ÅRDAL E-SPORT: Stian Laberg er ein av mange medlemmer i den ny-etablerte klubben Årdal e-sport. Foto: Morten Sortland

Av [Morten Sortland](#)

04. mars 2020, kl. 17:59 ▾

E-sportklubben er snart på plass i eige lokale og det vert jobba med å få til eit samarbeid med den vidaregåande skulen i bygda.

DEL

f

...

I kantina på Agnitio i Øvre Årdal sit ein gjeng ungdomar og ventar på at klokka skal slå 20.00. Då er det klart for ein ny runde i Telialigaen, Noregs største organiserte turnering.

– Førebels ligg me i 5. divisjon ettersom me nettopp har starta opp, men me satsar på at me skal rykkja opp ein divisjon både i "League of Legends" og "Counter Strike", seier Andreas Kvale Skarsbø, ein av medlemmene i Årdal e-sport.

Tidleg ute

E-sport-klubben i Årdal vart formelt stifta 10. februar, som ein av dei første klubbane i Sogn og Fjordane. Målet er å organisera lag til å delta i Telialigaen. Frå Årdal er i alt seks lag er påmeldt i spela Counter Strike, Rocket League og League Of Legends.

– Det som trigga etableringa av Årdal e-sport er at fylkestinget i Vestland bestemte seg for å satsa på e-sport. Me diskuterte gjennom julehelga og bestemte oss for å fyra i gang, seier Kai Wigum, initiativtakar og leiar i Årdal e-sport.

Har sett seg hårete mål

Wigum seier at den ferske klubben har sett seg nokre hårete mål for 2020.


– Me ønskjer å nå 100 medlemmer, me vil skaffa klubben eit permanent klubblokale, skaffa sponsorar og søkja om støtte og tilskot. Me er no i planleggingsfasen for investering i utstyr og me har allereie laga logo, heimeside og fått til ein avtale om eigne klubbgenserar, seier leiaren.

- Verdas raskast veksande sport

Det var i desember at eit stort fleirtal i fylkestinget gjekk inn for at fylkesrådmannen skulle utvikla ein e-sport strategi for fylket. I spissen Frp-politikar Frank Willy Djuvik. Han synte til at E-sport er verdas raskast veksande sport, og Vestland fylke har gode føresetnader for å ta ein nasjonal og internasjonal posisjon.

– E-sport er alt fag i einskilde vidaregåande skular og fleire frivillige e-sport klubbar er etablerte i regionen. Som regional utviklingsaktør bør fylkeskommunen difor utarbeide ein eigen strategi i for dataspel og E-sport samarbeid med kommunar og frivillig sektor. Ein slik strategi må innehalde klare mål og verkemiddel for korleis ein betre kan leggja til rette for dataspel og e-sport i fylket, sa Djuvik.





SOSIALT: Det sosiale aspektet her er sjølvsagt viktig for Årdal e-sport. Her ser du Martin Herstad før Årdal e-sport skal delta i sin fjerde kamp i League of Legends. Foto: Morten Sortland

Samarbeid med Årdal vidaregåande

I Årdal skal satsinga bidra til å organisere dataspel og e-sport i lokalområdet. Wigum legg til at dei er i dialog med Årdal vidaregåande skule om eit samarbeid.

– Slik det ser ut no er 2021 det tidlegaste som er praktisk mogleg å få til.

Rektor ved Årdal vidaregåande skule, Geir Kjetil Øvstetun, tykkjer dette er eit veldig spennande prosjekt som dei vil sjå nærare på.

– Me ser at dette er noko som er interessert for delar av ungdomsgruppa. Me har hatt møte med Årdal e-sport og skal sjå på dette utover våren. Me vil vurdera om me skal få dette som ein del av skulen frå hausten 2021, seier Øvstetun, og legg til at det er flott at det finst eit slikt tilbod i bygda.

– Så me vil mellom anna invitera Årdal e-sport til skulestart til hausten for å visa kva fritidstilbod som finst i bygda.

På tide å knuse fordomane

Årdal e-sport er i organisert på same måte som eit anna idrettslag. Wigum seier at mange foreldre uroar seg for at borna brukar for mykje tid framfor skjermen og at dei er mindre interessert i barnas medie- og spelevarer enn til dømes klassisk idrett.

– Det er settinga som dei fleste vaksne opplev. Difor byrja eg å spela sjølv, for å setja meg inn i det. Eg fekk opplæring av gutungen. Det er ei kjent sak at det oppstår fordomar når ein manglar kunnskap, og dette gjeld sjølvsagt også for dataspel. Det er på tide å knusa fordomane om at ungdommen forsvinn inn i den digitale slagmarka. Ein må gje ungdommen litt anerkjenning, seier han.

Mange som er interessert

Håkon Wigum og Andreas Kvale Skarsbø er to av medlemene i den ferske klubben. Dei tykkjer det er kult at Årdal e-sport er oppe å går.

– Årdal er faktisk ein av dei første klubbane som har etablert ein e-sport-klubb i Sogn og Fjordane, seier Kvale Skarsbø, og får støtte av Wigum.

– Det sosiale aspektet her er også viktig. Det er mange ungdomar som er interessert i dataspel og her kan ein sitja og treni i lag med kvarandre, seier han.

Dei er også klare på at e-sport som valfag på skulen kan bli eit populært fag å velja om dei lukkast med det.

– Ja absolutt, då trur eg Årdal ville fått søkjarar frå heile Vestland, seier Håkon

– Om eg hadde hatt det valdet då eg byrja på vidaregåande, så hadde det vore noko eg hadde vurdert ganske sterkt, seier Andreas.



TIDLEG UTE: Årdal er faktisk ein av dei første klubbane som har etablert ein e-sport-klubb i Sogn og Fjordane. Foto: Morten Sortland

- Har det kjekt saman

Seinare tysdag kveld kunne ådølene jubla for siger i League of Legends. Den enda med 2-0 til Årdal e-sport, som no toppar tabellen etter tre singlar og ein uavgjort.

– Det er litt tidleg å seia om me rykkjer opp, men mange av oss har allereie spelt saman i fleire år. Målet er å koma oss oppover på tabellen og samstundes ha det kjekt, seier Andreas.

Lik Sogn Avis på Facebook

Lik dette

Du og 13k andre likar dette.

Les meir om: [Årdal](#) [E-sport](#) [Ungdom](#) [Skule og utdanning](#)

Fleire saker



Alette (15) og Harald (15) møtte 27 bedrifter på messe: - Eg er usikker på kva eg vil bli



Kvar femte vaksne har ikkje vitnemål eller fagbrev - no blir det lettare for dei å skaffa seg utdanning





Klarer ikkje å arrangera tradisjonell UKM: - Det er trist, men slik er det



Mette forskar på born og fysisk aktivitet: - Born frå Sogn og Fjordane er over snittet aktive



Kaupanger skule er no blitt ein syngjande skule: - No syng me veldig ofte, og det er veldig kjekt

Til toppen

Utgitt av Sogn Avis AS • Adresse: Riverdalen 5, 6863 Leikanger • Sentralbord: 57 65 60 00
• Konstituert redaktør: Eli Grotle • Personvernpolicy / Informasjonskapsler • Redaktørplakaten

© 2020